



## Innkalling av Teknisk utval

**Møtedato:** 26.01.2016  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 16:00

Møtet vil i hovudsak handle om å gje opplæring til medlemmene av utvalet.

Temaer til møtet:

Mandat for TU i perioden og gjennomgang av forvaltningsreglement knytt til utvalet sitt arbeid

Opplæring i ansvarssområda til utvalet

Orientering om forvaltninga:

- Byggesak
- Landbruk
- Hjort
- Drift og vedlikehald

Orientering om etablering av fiberkabel i kommunen

Delegeringssaker

Eventuelle forfall må meldast til Terje Kallekleiv per tlf. 56166293, sms til 94506939 eller per epost til [Terje.Kallekleiv@masfjorden.kommune.no](mailto:Terje.Kallekleiv@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 001/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 002/2016 Godkjenning av møtebok
- 003/2016 Referatsak
- 1 Invitasjon studietur
- 004/2016 Delegerte saker
- 119/2015 Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve - naust 1 - 4 - gbnr 18/9 Duesundøy
- 005/2016 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse- gbnr 5/34, Skjelsundet
- 129/2015 Melding om delegert vedtak - ansvarsrettar og gjennomføringsplan - gbnr 50/64, Stordalen
- 126/2015 Melding om delegert vedtak - ansvarsrett pipe - gbnr 50/64 Stordalen
- 117/2015 Melding om delegert vedtak - bygging av veg og infrastruktur - Ervikneset - gbnr 30/84
- 124/2015 Melding om delegert vedtak - endring av gitt løyve - gbnr 7/21, Frøyset
- 010/2016 Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve for resten av tiltaket - bygging av bustadhus - gbnr 5/34, Skjelsundet

- 120/2015 Melding om delegert vedtak - rammeløyve - oppføring av bustadhus - igangsetjingsløyve for ringmur og plate - gbnr 38/101
- 135/2015 Melding om delegert vedtak - ansvarsrett - gbnr 50/91
- 118/2015 Melding om delegert vedtak - ansvarsrett for fritidsbustad - gbnr 50/145 Stordalen
- 130/2015 Melding om delegert vedtak - avsvsarsrett - gbnr 50/127, Stordalen
- 003/2016 Melding om delegert vedtak - bygging av naust - gbnr 45/10, Hope
- 136/2015 Melding om delegert vedtak - Deling av grunneigedom - tomt 27 Duesundøy - gbnr 18/9
- 112/2015 Melding om delegert vedtak - dispensasjon - tilbygg fritidsbustad - gbnr 38/44 - Kvingo
- 115/2015 Melding om delegert vedtak - dispensasjon for deling av gbnr 27/4 Nørland til bustadføremål
- 123/2015 Melding om delegert vedtak - Dispensasjon til deling av gbnr 50/1 Fossen for tilleggsareal til gbnr 50/1/30 i Librotet hyttefelt
- 080/2015 Melding om delegert vedtak - Igangsetjingsløyve - Gbnr 50/127 Stordalshammaren hyttefelt/Stordalen
- 134/2015 Melding om delegert vedtak - klage på dispensasjon til frådelling til bustadføremål - gbnr 27/4 Nordland
- 116/2015 Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 1/21
- 110/2015 Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 1/22
- 132/2015 Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 34/5
- 121/2015 Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 47/16
- 037/2015 Melding om delegert vedtak - landingsløyve for helikopter gnr 51 Kringlebotn sommaren 2015
- 083/2015 Melding om delegert vedtak - løyve til deling av grunneigedom - gbnr 57/5
- 006/2016 Melding om delegert vedtak - løyve til frådelling og samanføring til ny grunneigedom for delar av gbnr 1/21 og 1/22 i Ytre Haugsdal
- 007/2016 Melding om delegert vedtak - løyve til frådelling og samanføring til ny grunneigedom for delar av gbnr 1/21 og 1/22 i Ytre Haugsdal
- 062/2015 Melding om delegert vedtak - Nybygg, utviding og rehabilitering tilknytta gammal driftsbygning - Gnr 10/12 Sleire
- 079/2015 Melding om delegert vedtak - Ombygging/bruksendring - GBNR 52/27 Stien/Matre
- 004/2016 Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 1/57, Stokkevik
- 109/2015 Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad - gbnr 50/145, Stordalen
- 040/2015 Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad - Gnr 50/1/21 - Librotet hyttefelt - Stordalen
- 125/2015 Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad Kleivetoppen hyttefelt - gbnr 50/113 Stordalen
- 008/2016 Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad Storekupa hyttefelt - gbnr 50/153 Stordalen
- 081/2015 Melding om delegert vedtak - Oppføring av spikertelt/Caravanplassen Stordalen

- 106/2015 Melding om delegert vedtak - oppstart grunnarbeid - gbnr 50/160 Stordalen
- 107/2015 Melding om delegert vedtak - Retting av feil i matrikkelen - Eiegdomsgrense mellom gbnr 38/22 og 38/8
- 114/2015 Melding om delegert vedtak - riving og oppføring av nytt redskapshus - gbnr 38/12 Kvingo
- 077/2015 Melding om delegert vedtak - Søknad om deling av gbnr 14/3 Hosteland til sentrumsføremål
- 103/2015 Melding om delegert vedtak - Søknad om konsesjon ved overtaking av 10/6 Sleire
- 058/2015 Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/20
- 122/2015 Melding om delegert vedtak - tilbygg bustadhus - gbnr 38/22, Kvingo
- 002/2016 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 1/56, Ytre Haugsdal
- 009/2016 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 36/7 Kvingedal
- 131/2015 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 50/127, Stordalen
- 128/2015 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 50/140, Stordalen
- 113/2015 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 50/145 Stordalen
- 133/2015 Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 52/10, Matre
- 065/2015 Melding om delegert vedtak - Tilkopling til kommunalt vatn - Utsleppsløyve - Gnr 17/14 Skjelsundet
- 055/2015 Melding om delegert vedtak - utførelse av innvendig og utvendig vatn- og avlaupsinstallasjonar - gbnr 38/92
- 108/2015 Melding om delegert vedtak: Søknad om utvida løyve på Vald 45 Areklett/Halsøy
- 078/2015 Melding om vedtak - Tilbygg/vinterhage - Gnr 2/27 Rambjørg
- 046/2015 Melding om vedtak - tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/1
- 047/2015 Melding om vedtak - tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/17
- 049/2015 Melding om vedtak - tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/23
- 048/2015 Melding om vedtak - tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/5
- 074/2015 Melding om vedtak - Dispensasjon - Byggjeavstand frå kommunal veg - Oppføring av "hagehytte"/bod til verktøy - Gnr 7/20 Frøyset
- 067/2015 Melding om vedtak - Dispensasjon - Tilbygg/utvendig bod - Gnr 32/45 Bjørkeneset Hyttefelt
- 066/2015 Melding om vedtak - oppføring av sportsbod - Gnr 32/43 BjørkenesetHyttefelt
- 070/2015 Melding om vedtak - Rammeløyve - Oppføring av 20 naust i rekke - N2/Duesundøy reguleringsplan
- 036/2015 Møtebok delegert vedtak - Søknad om konsesjon ved overtaking av 51/1 Kringlebotn
- 061/2015 Søknad om bygging av naust - Dispensasjon - Gnr 47/16 Haugsvær
- 100/2015 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Librotet hyttefelt - bygging av terrasse på inntil 30 kvm
- 095/2015 Søknad om løyve til oppføring av hytte - gbnr 36/1,2,3,4 Blådalsvatnet
- 041/2015 Søknad om løyve til tilkopling og utføring av vatn og avløpsinstallasjonar - gbnr 27/16
- 072/2015 Søknad om løyve til tiltak - oppføring av fritidsbustad - gbnr 50/1/21

20. januar 2016

John Torsvik  
møtleiar

Terje Kallekleiv  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/6

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2016	Teknisk utval	PS	26.01.2016

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/6

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2016	Teknisk utval	PS	26.01.2016

### Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Teknisk utval - 09.11.2015

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/6

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2016	Teknisk utval	PS	26.01.2016

### Referatsak





32T

#### 1, Invitasjon studietur

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:



## INSPIRASJONSTUR FOR UNGE/NYE BØNDER, 8.–10. MARS 2016.

Landbruksforvaltinga i Masfjorden, Modalen og Vaksdal kommunar inviterer unge og nye bønder til studietur om landbruk, 8. - 10. mars 2016. Omgrepet nye og unge bønder femner vidt, frå dei som har planar om å drive gard i framtida, til dei som nyleg har byrja, eller som har drive ein del år.

Vi legg opp til interessante gardsbesøk og møte med bønder i Sunnhordland og Nordrogaland. Føremålet med turen er søkje kunnskap og inspirasjon hos naboane vår i «sør», og å kome saman i triveleg lag



Vi legg opp til gardsbesøk som kan samanliknast med forholda «her heime», med praktisk overføringsverdi. Det er alltid nyttig å sjå og høyre korleis andre legg opp og løysar drifta på sine bruk, og kva erfaringar dei har.

Vi held no på å utforme programmet, og presenterer her eit førebels opplegg som vi vonar er av interesse. Det kan bli endringar, og de er velkomne til å kome med ønskje, spesielt dersom de saknar nokre tema/innfallsvinklar.



Vi vonar å bli eit reisefølgje på om lag 20 deltakarar, med deltaking frå alle dei tre kommunane. Det vert busstur, med røynd og dyktig sjåfør.

Vi legg opp til å finansiere det meste av turen gjennom eksterne tilskot, **men det vert ein eigendel på kr 1000,- per deltakar, og mogeleg tillegg for enkeltrom.**

***For å få eit oversyn over kor mange som kan tenkje seg å vere med på turen, ønskjer vi at interesserte melder attende til sine repspektive kommunar, innan 08. januar:***

\* Masfjorden komm.: Ottar Myrtveit, tlf. 56166272, E-post: Ottar.Myrtveit@masfjorden.kommune.no

\* Modalen komm.: Laila Bjørge, Tlf. 56599030/95735405, E-post: Laila.Bjorge@meland.kommune.no

\* Vaksdal komm.: Tore H. Øye, tlf. 56594452, E-post: tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

***Tilbakemeldinga vert berre sett på som eit teikn på interesse, og er ikkje bindande på nokon måte. Frist for endeleg påmelding vil vi kome attende til.***

VI VONAR DE HAR LYST TIL Å VERE MED PÅ TUR!



## Førebels reiserute og program

### TYSDAG 8. MARS

- Avreie frå Romarheim, ca kl 16.00.
- Overnatting på Stord.

### ONSDAG 9 . MARS

- **Sveio smaledrift.** Samdrift. Frå nyttår skal ein ung gardbrukar inn i samdrifta
- **Straumøy gard i Sveio.** Har utvikla næring med bakgrunn i «Inn på tunet» Les meir om garden og tilbodet: [www.straumoygard.no](http://www.straumoygard.no)
- **Haugen Samdrift DA i Skjold.** Samdrifta driv med mjølk, sau, gris besøksgard og gardsskule.
- **Tveit reknskap i Vidafjord.** Innlegg om økonomi og mellommenneskelege forhold ved generasjonsskifte.
- **Astrid Weider, Ølensvåg.** Driv med sau og har nyleg bygd nytt sauehus. Astrid arrangerer også gjetarhundkurs.
- Overnatting i Skånnevik.
  - Innlegg om det å vere gründer og lokalt samarbeid om bygdebasert næringsutvikling, t.d. mellom hotell og lokale bønder.

### TORSDAG 10. MARS

- **Runar Myklebust**, ung og frisk bonde frå Uskedalen i Kvinnherad som driv med mjølkeproduksjon. Har nyleg bygd ny kuflor.
- **«Det grønne skiftet»;** «rådhusfyr» bioenergi levert av lokale bønder.
- **Ei atypisk gardsoppleving;** kunst, kultur og matserving på Guddalstunet i Guddalen. Sjå <http://galleriguddal.no/guddalstunet/>
- **Næringsretta fleirbruk på Nestunet.** Vi vitjar småbruket til Kåre Nes på Mundheim, som driv med både mjølk, sau, gardsturisme og landskapsskjøtsel. [www.nestunet.com](http://www.nestunet.com)
- **Heimreise ca kl 16.00.**



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/6

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2016	Teknisk utval	PS	26.01.2016

### Delegerte saker

32T

119/2015, Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve - naust 1 - 4 - gbnr 18/9  
Duesundøy

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til pbl §20-1 og godkjenner søknaden om igangsetjing av naust 1-4 gbnr 18/9, Duesundøy.**

**Oppføring av naust 1-4 m/kaifront, slik søknaden mottatt 30.10.2015 viser, på følgende vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 08.05.15.**
2. **Det skal gjevast ferdigattest på tiltaket før det kan takast i bruk.**

**Heimel:**

**Administrativt vedtak. Saknr: 070/2015**

**Reguleringsplan Duesundøy**

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Føretak Reknes Byggevarer LL, org.nr. 915354424, har søkt ansvarsrett som ansvarleg søker (SØK),

prosjekterande (PRO) og og som utførande (UTF). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker

ansvarsområdet.

005/2016, Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse- gbnr 5/34, Skjelsundet

**Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)**

**Adressevedtaket**

**Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 5 bnr 34, skal ha**

**følgjande offisiell adresse:**

**Areklettvegen 94**

*Heimel:*

*Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).*

129/2015, Melding om delegert vedtak - ansvarsrettar og gjennomføringsplan - gbnr 50/64, Stordalen

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Plan – og bygningslova og godkjenner mottatt søknad den**

**01.10.15, søknad om ansvarsrett for rørlegging og våtrom , gbnr 50/64,**

**Stordalen.**

**Heimel**

**plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4.**

**Vedtak sak nr 040/2015**

Føretaket HAFS Elektro og Rør AS , org. Nr 934466152, har søkt om ansvarsrett PRO og UTF for rørlegging.

Føretaket Byggtapeserer Frank George Fosse AS, org.nr 990243824, har søkt om ansvarsrett for våtrom.

Føretaka har søkt om lokal godkjenning. Søknaden vert godkjend.

126/2015, Melding om delegert vedtak - ansvarsrett pipe - gbnr 50/64 Stordalen  
**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Plan – og bygningslova og godkjenner mottatt søknad den 05.11.15, søknad om ansvarsrett for montering av pipe og ildsted, gbnr 50/64, Stordalen.**

**Heimel**

**plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4.**

**Vedtak sak nr 040/2015**

Føretaket Din Flamme , org. Nr 886424922, har søkt om ansvarsrett UTF montering av pipe.

Føretaket har sentral godkjenning. Søknaden vert godkjend.

117/2015, Melding om delegert vedtak - bygging av veg og infrastruktur - Ervikneset - gbnr 30/84

**Masfjorden kommune ved rådmannen viset til plan – og bygningslova § 20-1, og godkjenner søknad om bygging av veg og infrastruktur Ervikneset gbnr 30/84.**

**Søknad med vedlegg mottatt 16.10.2015 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevast ferdgattest før tiltaket kan takast i bruk.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.05.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**Grunngjeving:**

**Tiltaket er i trå med områdeplan Sandnes.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova**

**OMRÅDEREGULERINGSPLAN SANDNES**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S		Søkjjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S		Prosjektering av veg og grøfter for infrastruktur
PRO	Hjelmås VVS AS	988410586	S		Prosjektering av vann- og avløpsledningar

PRO	SH Oppmåling AS	913864344	S		samt slamavskillar og avløpslange i sjø Innmåling som grunnlag for prosjektering
UTF	Hjelmås VVS AS	988410586	S		Utførelse sanitæranlegg
UTF	Frode Haugsvær maskin as	985442320	S	1	Opparbeiding av veg, med avkjørsel fra fylkesveg. Grunnarbeid med grøfter for infrastruktur.
UTF	SH Oppmåling AS	913864344	S		Innmåling og utstikking

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forurensingsforskrifta, og godkjenner søknad om utslepp for gbnr 30/81,82,83.**

**Søknad med vedlegg mottatt 16.10.2015, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevast ferdigattest på anlegget før det skal takast i bruk.**

**Heimel:**

**Forrurensingsforskrifta**

**OMRÅDEREGULERINGSPLAN SANDNES**

124/2015, Melding om delegert vedtak - endring av gitt løyve - gbnr 7/21, Frøyset  
**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan og bygningslova § 20-2 og**

**godkjenner søknad om endring av gitt løyve sak 14/658, tilbygg bustadhus og oppføring av garasje gbnr 7/21, Frøyset.**

**Søknad med vedlegg mottatt 12.10.15 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

**-Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

### **Grunngjeving:**

Søknaden er i trå med vedtak sak 14/658.

### **Heimel**

§ 20-2, 19-2 plan – og bygningslova

Kommuneplanen 2012-2024

010/2016, Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve for resten av tiltaket - bygging av bustadhus - gbnr 5/34, Skjelsundet

**Masfjorden kommune v/rådmannen viser til pbl §20-1 og godkjenner søknad om igangsetting for resten av tiltaket, gnr 5/34 Skjelsundet bustadfelt, på fylgjande vilkår:.**

- **Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
- **Skilting av bustadhuset skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.**
- **Det skal søkjast om tilkopling til kommunalt vatn, før igangsettjing av rørlegjararbeidet.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

### **Heimel:**

**Vedtak sak nr 075/2015**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

<b>FUNKSJON</b>	<b>FØRETAK</b>	<b>ORG.NR.</b>	<b>L/S</b> *	<b>TILT.KL.</b>	<b>ANSVAR SOMRÅDE</b>
<b>SØK</b>	Tømrar Helge Andvik L 1 Heile tiltaket	970354825	S	1	1 Heile tiltaket
<b>PRO</b>	Tømrar Helge Andvik	970354825	S	1	Arkitektur, kunstruksjonstryggleik, byggningsfysikk
<b>PRO/UTF</b>	SH Oppmåling AS	913864344	S	1	Utstikking/innmåling
<b>Selvbygger</b>	Frank T. Molland				Ringmur/såle på mark
<b>PRO</b>	Sotra Takstol AS	986732799	S	1	Takstol
<b>PRO</b>	FBT Ventilasjon AS	936238297	S	1	Ventilasjon
<b>PRO/UTF</b>	Leirnes Rør og Kjøl	982438756	S	1	Sanitær og avlaupsanlegg
<b>UTF</b>	Berger Flis og Musservice AS	998043514			Våtrom
<b>UTF</b>	Tømrar Helge Andvik	970354825	S	1	Tømrar og ventilasjon
<b>KTR</b>	Byggm. Bjørn R. Kvinge	954354008	S		Uavhengig kontroll av lufttehet og våtrom

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.



Utsleppsløyve

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureningsforskrifta, og godkjenner søknad om utslepp**

**for gbnr 5/34.**

**Søknad med vedlegg mottatt 08.01.2016, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

**- Det skal gjevast ferdigattest på anlegget før det skal takast i bruk.**

Heimel:

Forrureningsforskrifta

Reguleringsplan Skjelsundet.

.

120/2015, Melding om delegert vedtak - rammeløyve - oppføring av bustadhus - igangsetjingsløyve for ringmur og plate - gbnr 38/101

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner**

**søknad om rammeløyve, og igangsetting av ringmur og plate, gnr 38 bnr 101, Kvingo.**

**Søknad med vedlegg mottatt 30.10.15 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.10.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Grunngjeving:**

**Omsøkt tiltak ligg i område avsatt til LNFR-areal medspredd bustadbygging.**

**Søknaden er i trå med kommuneplan 2012-2024.**

## Heimel:

Plan - og bygningslova

Kommuneplan 2012-2024

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

<b>FUNKSJON</b>	<b>FØRETAK</b>	<b>ORG.NR.</b>	<b>L/S*</b>	<b>TILT.KL.</b>	<b>ANSVAR SOMRÅDE</b>
<b>SØK</b>	Tømrar Helge Andvik	970354824	L	1	Søkjar.
<b>PRO</b>	Tømrar Helge Andvik	970354824	L	1	Prosjektering, arkitektur, konstruksjon, bygningfysikk.
<b>PRO</b>	SH Oppmåling as	913864344	S	1	Oppmålingsteknisk prosjektering
<b>PRO</b>	Svein Andvik AS	935199050	S	1	Prosjektering, uteareal og landskapsutforming
<b>UTF</b>	Svein Andvik AS	935199050	S	1	Uteareal og landskapsutforming
<b>UTF</b>	SH Oppmåling as	913864344	S	1	Innmåling og utstikking av tiltaket
<b>UTF</b>	Gustav Bårøy	998311179	S	1	Støping av såle/ringmur og plate på mark

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

## Adressevedtak

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

Adressevedtaket

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at egedomen dykkar gnr 38 bnr 101, skal ha følgjande offisiell adresse:

**Åbakken 4**

Skilting av huset skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.

**Heimel**

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

135/2015, Melding om delegert vedtak - ansvarsrett - gbnr 50/91

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Plan – og bygningslova og godkjenner mottatt søknad den**

**02.07.15, søknad om ansvarsrett for UTF murararbeid og grunnarbeid av tiltaket, gbnr 50/91, Stordalen.**

**Heimel**

**plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4.**

**Vedtaket sak nr 085/12**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
UTF	Olsen & Fardal as	992314893	S	1	Mur og betong, ringmur
UTF	Gunnar Trædal	969478838	L	1	Grunnarbeid

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

118/2015, Melding om delegert vedtak - ansvarsrett for fritidsbustad - gbnr 50/145 Stordalen  
**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 22 plan – og bygningslova og godkjenner**

**søknad om ansvarsrett for UTF for våtrom, og UTF selvbygger fundament og pipe og ildsted for fritidsbusdat gbnr 50/145.**

**Søknad med vedlegg mottatt 06.10.2015 vert godkjent.**

**Grunngjeving:**

**Søknad er i trå med § 22 plan – og bygningslova.**

**Saknr: 109/2015**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
UTF	Ole-Helge Solstad as	913817109	S	1	Våtrom
UTF	Richard Sherrock	Selvbygger	L	1	Fundament, Pipe og ildsted

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

130/2015, Melding om delegert vedtak - avvarsrett - gbnr 50/127, Stordalen  
**Masfjorden kommune viser til Plan – og bygningslova og godkjenner mottatt søknad den**

**11.12.15, søknad om avvarsrett for UTF plassering av tiltaket, gbnr 50/127, Stordalen.**

### Heimel

plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4.

Vedtak sak nr 034/2014

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande avvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
UTF	Sørsida Sag AS	971232498	S	1	Plassering og innmåling

003/2016, Melding om delegert vedtak - bygging av naust - gbnr 45/10, Hope  
**Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova § 20-2, og godkjenner søknad om oppføring av naust gbnr 45/10, Hope. Søknad med vedlegg mottatt 8.12.2015 vert godkjent på følgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast slik som sist på situasjonsplanen 16.11.2015.**
- **Det skal sendast inn koordinatar på naustet før det vert gjeve ferdigattest.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk**

**Grunngjeving:**

**Søknaden er i trå med kommuneplanen arealplan 2.4.4, som LNF-området der spreidd naustbygging (fortetting )er tillate. Hopsvågen 2 naust i perioden.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova § 20-2.**

**Kommuneplanen arealplan**

136/2015, Melding om delegert vedtak - Deling av grunneigedom - tomt 27 Duesundøy - gbnr 18/9

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m. gjev Masfjorden kommune løyve til deling av bustadtomt nr. 27 i reguleringsplan for Duesundøy frå gbnr 18/9, Duesund. Det vert føresett at både deling og seinare tiltak vert i samsvar med reguleringsplanen for området.**

**Grunngjeving: Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i**

**området.**

112/2015, Melding om delegert vedtak - dispensasjon - tilbygg fritidsbustad - gbnr 38/44 - Kvingo

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova § 19-2, og godkjenner**

**søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og § 1-8 pbl , til utviding av**

**eksisterande fritidsbustad gbnr 37/44, Kvingo.**

**Søknad med vedlegg mottatt 02.10.15 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

**- Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre**

**klage på dispensasjon søknaden.**

**Grunngjeving:**

**Tiltaket gjeld utviding av eksisterande fritidsbustad. Fritidsbustaden ligg i området avsett til LNFområdet**

**i kommuneplanen og innafor 100-metersbeltet langs sjø. Tiltaket vil ikkje gje noko auke**

**i bruken av strandlinje etter utvidinga av fritidsbustaden. Tiltaket er så lite omfattande at den**

**etter ein konkret vurdering må sjås som ein liten vesentleg endring. Dette vil ikkje vera med å**

**privatisera bruken av strandlinja noko meir, og hindre almen ferdsel. Masfjorden kommunen**

**ved rådmannen finn difor etter ei samla vurdering å kunne gjev dispensasjon frå arealdelen til**

**kommuneplanen og §1-8 pbl til omsøkt tiltak.**

**Heimel**

Plan – og bygningslova § 19-2

Kommuneplanen.

**Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova § 20-2, og godkjenner søknad om**

**tilbygg på eksisterande hytte, gnr 37/44, Kvingo.**

**Søknad med vedlegg mottatt 02.10.2015 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Det må sendast inn søknad om utslepp før tiltaket kan igangsettjast.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

115/2015, Melding om delegert vedtak - dispensasjon for deling av gbnr 27/4 Nørland til bustadføremål

*Masfjorden kommune gjev med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2 Leif Nordland dispensasjon frå arealdelen av kommunen sin arealdel til frådelling av om lag 2 daa tomt til bustadføremål som synt i kart i søknaden.*

*Løyvet vert gjeve med slike vilkår:*

- *Gbnr 27/4 skal vere sikra god tilkomst til eige areal etter at frådellinga er gjennomført.*
- *Tilrådde tiltak for sikre arealet mot steinsprang må gjennomførast i samband med tiltaket.*

123/2015, Melding om delegert vedtak - Dispensasjon til deling av gbnr 50/1 Fossen for tilleggsareal til gbnr 50/1/30 i Librotet hyttefelt

*Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune eigar av gbnr 50/1, Jan Olav Fosse, løyve til frådelling av festetomt gbnr 50/1/30 på 388 m2 til fritidsføremål.*

*Med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2, gjev Masfjorden kommune Jan Olav Fosse dispensasjon frå reguleringsplan for Librotet hyttefelt for arealoverføring av om lag 1,2 daa frå gbnr 50/1 til den nye grunneigedommen. Arealet skal nyttast til tilleggsareal til eksisterande fritidsbustad, og er synt i kart vedlagt søknaden.*

*Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune Jan Olav Fosse løyve til arealoverføring av 1,2 daa til same føremål.*

